



# Nissedal kommune

## Kommunedirektør

TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
Postboks 2844  
3702 SKIEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2024/1634-5	Olav Kiland, olav.kiland@nissedal.kommune.no	121	18.09.2024

### **Vedr. 24-14315-11 - Høring og offentlig ettersyn av forslag til Telemarksplanen – Regional planstrategi for Telemark 2024-2028.**

Nissedal kommune ynskjer å takke for høvet til å gi innspel til Telemarksplanen 2024-2028. Me har gjennomgått planforslaget, og vil gi ros for ein oversikteleg og relevant plan. Me og ynskjer å komme med følgande kommentarar og innspel:

Mål og satsinger i Telemarksplanen – er de relevante og dekkende for utfordringsbildet i Telemark?

- Sosial berekraft

- Nissedal kommune ynskjer å presisere ei særleg utfording for kommunen, ved at alle elevar må flytte under vidaregåande utdanning i Telemark, og bu utan familien. Dette gjer at vår ungdom har ei ekstra utfording, som igjen gjer at eit tett samarbeid med fylkeskommunen og vidaregåande skular er ekstra viktig. Samarbeidet er viktig for å unngå nemnte punkt i planen om utanforskapsfullføring VGS og sosial ulikskap. Ei vidareføring av eksisterande og gode tilbod, som BINDERS, SLT, Ung i Nissedal og Ungdomslos, er viktige og gode sosiale bærekraftstiltak. Det er også viktig med eit godt talgrunnlag for alle skulane i fylket, for å gi moglegheita til den enkelte kommune å målrette arbeidet sitt mot ungdom
- Nissedal kommune ynskjer også å målrette arbeidet mot eldrebølga meir enn det synt av planen. Det er viktig med bevisstgjering av kostnadsaspektet for kommunane, i møte med fleire eldre og færre i arbeidsfør alder. Kommunane må også ha moglegheit til å supplere kunnskap kring utfordingane og løysingar i alle kommunale sektorar, knytt til eldrebølga. Det er også naudsynt med ei felles ansvarsforståing på tvers av sektorar i kommunen og fylkeskommunen.

- Økonomisk berekraft

- For å sikre rett kompetanse i heile fylket, må også distriktsatsinga forsette, som til dømes studiesenteret i Nissedal – som ein viktig regional arena for

kompetanseheving. Her er det eit potensiale for endå tettare samarbeid med USN og vidaregåande utdanning i fylket.

- Nissedal kommune merkar seg at byvekstavtala, med satsing på kollektivtransport i Grenlandsregionen er nemnt. I samanheng med byvekstavtala, er det også relevant å nemne bygdevekstavtala og korleis den kan vere med å danne grunnlag for blant anna god infrastruktur i distriktet – både kollektivt og med bil. For på den måten sikre at også distriktet har ei framtidsretta og miljøvennlig satsing i samsvar med bykommunane i Telemark. Ei god og målretta satsing på kollektiv og bilisme, vil sikre regionen vår fleire positive utfall. Det vil gi grunnlag for arbeidsflyt mellom kommunane. Betre høve for næringsutvikling og drift, også i eit turistperspektiv. Samstundes som det vil opplevast meir attraktivt å bu i områda våre.
- Nissedal kommune ynskjer å halde fram eit godt samarbeid for å utvikle eit mangfaldig kulturliv i heile fylket.

#### - Miljømessig berekraft

- Behovet for meir fornybar energi er viktig, og blir godt presisert i planen. I ljos av å bygge ut sol- og vindkraft er det to faktorar som ikkje blir svara ut, som er viktige dersom det er ønske om å bygge ut meir fornybar energi. Arealbeslaget ved å bygge ut spesielt solkraft, men også vindkraft – kan verka negativt inn på utvikling av annan type næring, sett i ljos av arealnøytralitet. Vidare er det ikkje tatt høgde for kommunane sine insentiv for å bygge solkraft. Desse to faktorane er hemmande med tanke på å bygge ut meir fornybar energi i form av sol- og vindkraft.
  - Nissedal kommune ynskjer ein tettare dialog med fylkeskommunen, for å sikre at arealrekneskapen i praksis står i samsvar til dei interessene og utfordingane ein finn lokalt.
  - Nissedal kommune ynskjer at fylkeskommunen tar ei aktiv rolle, saman med kommunane, for å legge til rette for eit nasjonalt felles insentiv for etablering av fornybar energi.
- Nissedal kommune ynskjer halde fram eit tett samarbeid med fylkeskommunen for kompetanseheving og vidare innovasjon av lokal næring, retta mot det grøne skiftet.

Grensesnittet og samordning mellom regional plan for klima, energi og grønn omstilling, regional plan for samordna areal og transport i Grenland og regional plan for samordna areal og transport for Telemark. Det gjelder spesielt hvilke arealtema som bør behandles i hvilke planer og hvordan disse kan samordnes på tvers av planene.

- Nissedal kommune meiner det er viktig for at samordninga mellom planane skal vere god, at det er ein heilskapleg tenking for heile fylket – uavhengig av region. Spesielt med

tanke på trygg skuleveg og god folkehelse med målsetting om reduserte transportbehov. Felles satsing på transport i fylket, vil også gagne eldre i heile fylket, uavhengig om det er i Grenland og eller heile Telemark. Ei slik heilskapleg tenking vil også styrke framtidas klimasatsing i heile fylket.

Fylkestinget ønsker spesielt innspill om hvorvidt fylkesdelplan for Blefjellområdet har behov for å rulleres i planperioden.

Hvordan kan arealnøytralitet følges best mulig opp i Telemark frem mot 2030? Det vises til brev sendt ut om samarbeid om drift og utvikling av arealregnskapet (vår referanse 24/11966-1)2

- Nissedal kommune ynskjer ein tettare dialog med fylkeskommunen, for å sikre at arealrekneskapen i praksis står i samsvar til dei interessene og utfordringane ein finn lokalt.

Spesielt for kommunene: hvordan legges regional planstrategi til grunn for kommunal planstrategi i din kommune?

- Nissedal kommune legg til grunn regional planstrategi i sitt eige arbeid med kommunal planstrategi.

#### **Kommunedirektørens tilråding:**

Nissedal kommunestyre vedtek høyringssuttala slik den ligg føre.

#### **Vedtak:**

Høyringsuttale - Regional planstrategi for Telemark 2024-2028 – vedtatt av Nissedal kommunestyret – 10.09.2024, gjennom digital dialog.

For Sverre Sæter, kommunedirektør Nissedal

Med helsing

Olav Kiland  
Næringssjef

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.*

Kopi til:

Sverre Sæter  
Ian Parry-Jones

Treungvegen 398  
Treungvegen 398

3855  
3855

TREUNGEN  
Treungen